

HYRDINGEN

Nr. 4

Oktober 2021

ÅRGANG 63

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Konfirmantar
på tur til Utsira**

side 5

Presten har ordet	s. 2	Rytme og urytme i livet	s. 4	Innsamling og julemesse	s. 8
Då lo eg ...	s. 2	Oldemor i barnedåp	s. 4	75-års jubileum	s. 9
Redaksjonspennen	s. 3	Konfirmantar på tur til Utsira	s. 5	Gudstenestelista og kyrkjboka	s. 10
Min song	s. 3	Haugespor i Skjold	s. 5	Møte og arrangement	s. 11
Gullkonfirmantar	s. 3	Konfirmantbileta	s. 6–7	Barnas side	s. 12

**HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no

Kontortid: tysdag–fredag, 9–15
Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Sokneprest Kristian Kyllingstad



Det vert tenkt høgt i råd og avisspal-
tar om kva konsekvensar pandemien
har hatt for kyrkjefellesskapet. Nokon
vil halde igjen. Vere i roa og stilla.

Medan andre vil starte dei gamle
tiltaka så fort som mogleg, og gjerne
eit eller to til. Ta igjen det tapte.

Ei kvinne uttal til avis Vårt Land
for ei stund tilbake at ho var usikker
på om ho makta å gå i kyrkja igjen
når samfunnet opna opp att. Ho vart
overraska over kor stort saknet av
kyrkjefellesskapet hadde vore at ho
til slutt ignorerte tanken på det. Nye
vanar kom til. Kyrkja var ikkje del av
livet. Trua vart skjøve til sides.

Resignasjon og tanken om kyrkjas
bortfall frå livet skygga til og med for
trua. Det er noko gjenkjennbart i den
refleksjonen. Tilsette og frivillige har
kjent på kva ufrivillig bortfall gjer med
både engasjement og gudstru. Eg

kunne tenke meg ei samtale og tilba-
kemeldingar på kva er behova knytt
til kyrkja i bygdene våre? Kva plass
skal kyrkja ha når samfunnet går
tilbake til «normalen»?

Eg ser at når vi opnar samfunnet
igjen glir vi enkelt ned i kjende spor.

Vi seier at vi er i gang som normalt.
Og på den eine sida er det bra. Vi
treng det vi har sakna. Men på den
andre sida – burde vi ha tatt oss meir
tid til å reflektere kva som skjer med
oss når grunnleggjande behov har
vorte tatt frå oss? I kyrkja – fellesska-
pet, ritualane, songen m.m.

Eg håpar at kyrkja og hennar vitne-
mål om Jesus Kristus kan vera ein
stad der løset trengjer inn og gjev
nytt liv til trua. At det vert ein stad for
heile livet.

Velkommen til kyrkja.

Då lo eg ...



Ingrid Mathilde Sørvåg

Hyrdingen vil framover ta med ei
morosam historie, der innsender-
ren også får utfordre ein annan
lesar av Hyrdingen til å senda inn
sin historie til neste nummer. Den
første er skiven av Ingrid Mathilde
Sørvåg frå Vikebygd. Ho er både
nytt redaksjonsmedlem og medlem
i Skjold og Vikebygd sokneråd.

Eg veit ikkje om eg kan seie at eg
kjerner meg heilt igjen i denne histo-
ria, men det er no ei god historie:

«Vesle Kristian var med bestefar i
kyrkja. Han hadde fått ein tjuekroning
som han skulle ofre i kollektelen på
alteret etter at presten hadde tala. Av
talen til presten forstod han heller lite,
og presten talte med eit slikt tonefall

at bestefaren duppa av rett som det
var.

Forsiktig drog Kristian i trøya til
bestefaren for å vekkja han og når
han vakna kviskra han: «Bestefar,
kan me ikkje berre betala nå med ein
gong og gå?»

Eg vil gjerne utfordra Tove Mette
Stødle i Vats til å bidra med neste
historie.

Gåver til Hyrdingen

(for å dekka trykking og porto)

Vipps-nr. 53 14 72

Redaksjons- PENNEN

Av Steinar Skartland

Hausten er her med sine vakre fargar
på lyng og tre. Naturen er i ferd med
å gå i dvale fram til blomar og gras
igjen skal få farga landskapet om
nokre månadar. Kvar årstid har sin
sjarm og sine gleder i vårt vakre land.
Denne hausten kan vi gle oss over
at samfunnet igjen er opna etter ein
pandemi-dvale. Når kyrkjeklokken
kallar inn så kan vi fylla kyrkjebygga
og songen kan fylla kyrkjerommet. Nå
reknar vi med at alle dei gudstenester,
møte og arrangement som er kunn-
gjort i bladet vert gjennomførte som
oppsett, og du er velkommen.

Fellesrådet har saman med arkitekt
hatt gjennomgang i kyrkjene for
å kartleggja kva som må gjerast for
«universell tilrettelegging». Toalett for
funksjonshemma, inngang og plass
for rullestolar og rampar eller ombyg-
ging for at dei skal kunna få tilgang
også oppe i «koret» og ved alter-
ringen. Dette er særsviktig ved brude-
vigslar, konfirmasjon, nattverd og dåp.
Arkitekt Arne Tveit er med i utvalet
som ser på dette. Nå skal sokneråda
få seia sitt til forslaga og sjølv sagt
må det søkjast om lov, der dette er
eit krav, og tiltaka treng finansiering.
Vi ser fram til at kyrkjene skal bli gjort
endå betre tilgjengelege for alle.
Velkommen til samvær om Guds ord.



I kyrkja på sundag var: Johan, Bjørn Helge og Elise.

Min song

Av Gunnbjørg Nesbu

Eg kører mykje bil og er då veldig
glad i å høre på musikk. På Spotify
har eg laga mine eigne spelelistar
med songar som eg likar å høre på.
For nokre år si kom eg over Filadel-
fiakirken sine songar og deira versjon
av: «Hyll deg, Freiser og forsoner».
Ein song eg raskt la til spelelista mi
og som eg høyrer stadig på.

Songen er skiven rundt 1830 av
den danske diktarpresten Grundtvig.
Eg opplever melodien majestetisk og at teksten er prega av å
vere nesten 200 år gammal. Setningar
bygde opp med ord som me
ikkje nyttar så ofte, men som likevel
set ord på min takknemlelse for
Jesus.

Det er spesielt siste verset som
treff ekstra: «Ja, jeg tror på korsets
gåte, Gjør det, Frelser, av din nåde»

Det kan vere vanskeleg å forstå
det som skjedde på korset. At
Jesus døde der for oss. For våre
synder. Slik at me kan stå fri og ha
open plass inn til Gud og Himmel-
en. At me får dette ufortent, ved
å tru på det som Jesus gjorde for
oss, er stort.

At me kan komme tilbake til det
som skjedde på korset igjen og
igjen. Både når livet er lyst og lett,
men og når livet er mørkare og
vanskeleg, gjev tryggleik. Få starte
på nytt og glede oss over «Si: Vi
går til Paradis».



Gunnbjørg Nesbu, som bur i Skjold, er mor
til 3 barn og aktiv i både barnekor og anna
barne- og ungdomsarbeid. Ho er tilsett ved
rådhuset i Vindafjord kommune.

Hyll deg, Freiser og forsoner

Av Grundtvig

Hyll deg Frelser og Forsoner
Verden kroner deg med torner
Du ser hva jeg har i sinnet
Tornekrans og korset vinner
Gir meg derfor kraft og mot

Hva har deg hos Gud bedrøvet
Og hva elsker du hos støvet
Så du tok vår plass i døden
For du så den store nøden
Gav deg til oss fullt og helt

Kjærligheten, hjertegloden
Ble for sterkt for selve døden
Da du ofret helt ditt hjerte
Seiret over død og smerte
For å gi oss håp og fred

Ja, jeg tror på korsets gåte
Gjør det, Frelser, av din nåde
Vær meg nær når synden frister
Ta min hånd når hjertet brister
Si: Vi går til Paradis

50-årskonfirmantar Vikebygd

Av Ingrid M. Sørvåg

Det var ni ungdommar som var kon-
firmantar i Vikebygd for femti år sidan,
og tre av dei var med oss i kyrkja
sundag 26. september. Kvelden før
hadde dei vore i lag med gullkonfir-
mantane frå Ølen og Bjoa. Dei gjekk
jo ilag på ungdomsskulen i Ølen, og
det var gildt å samlast for å mimra i
lag.

Konfirmantida var nok annleis for
femti år sidan, dei fleste samlingane
var i kyrkja i Vikebygd og dei blei
godt kjende med alt som var i kyrkja.
Dei hadde overhøyring på sjølve
konfirmasjonsdagen, og då måtte
dei hugsa trusartiklane, dei ti boda

og sentrale bibelvers. Det var Meling
som var presten deira.

Dei fem ungdommane som er kon-
firmantar dette året, kan sjå fram til
eit heilt anna opplegg. Konfirmantida
deira varer fram til august/september
nest år, og mellom anna får dei dra
på leir.

Desse var konfirmantar for femti år
sidan:
Leif Henry Gangstø, Kåre N.
Knutsen, Johan G. Owe, Jakob
Rødde, Bjørn Helge Vik, Jan Øvrevik,
Elise Frøyland (f. Alne), Liv Veastad
Albettino og Karense Barane (d.)



Torsdag 21. oktober

Konsert i Ølen kyrkje med Sveinung Bjelland m.fl.

Med opphav i salmedugnaden for kyrkja i Vindafjord har me fått fleire henvendelsar om å arrangere ein live kyrkjekoncert med Bjelland og mannskap. Repertoaret spenner fra Bjellands eigne songar, salmar og bluegras. Med sjølvaste Dagny Christophersen på laget, vil også ho ha nokre soloinnslag.

Dei som er med er: Sveinung Bjelland – vokal og gitar; Dagny Christophersen – vokal; Jon Ørnes – banjo, dobro, gitar; Arnt Ove Kvernernes – munnspele; Anders Lunde – kontrabass.

Fredag 29. oktober

Jubileumskonsert i Bjoa kyrkje

Der får me høra Vindafjord Soul Children, Trond Ponce og Thomas Alvseike med fleire. Konserten var annonser i fjor haust, i samband med at Bjoa kyrkje då var 125 år, men gjekk i vasken pga. pandemien. Det blir også jubileumsgudsteneste i Bjoa kyrkje 31. oktober der Prost Rune Steensnæs Engedal deltek.

26. oktober til 4. november

Utstilling i Sjøperlo Ølen

Keramisk Kunsthåndverk – Karoline Emmerhoff

Gratis i opningstidene til Sjøperlo.

Torsdag 28. oktober kl. 19.00

Workshop v/Karoline Emmerhoff og sokneprest Kari Vik Stuhaug

- Bruka dei visuelle utsyrka til å reflektera rundt eigne erfaringar knytt til temaet
- Gi rom for bevisstgjering og bearbeiding
- Trøyste og nære håpet
- Veksle mellom formidling, kommunikasjon og deltakaraktivitet

Påmelding til tlf. 47 25 35 29

Billett: 100 kr

Onsdag 3. nov. kl. 19.00

Open førestilling med formidling og musikk i utstillinga

- Formidling: Karoline Emmerhoff og Kari Vik Stuhaug
- Musikk: Jarle Kristoffersen – cello og Torleiv Fossum – gitar

Billett: 100 kr ved inngang

Oldemor på 102 var med då Gabriella Karin vart døypt!

Av Kari Vik Stuhaug

Dåpen skjedde i gudstenesta i Ølen kyrkje siste sondagen i august. Og dette var ikkje første gongen oldemor Borghild Paulsen frå Skånevik var med i dåp i Ølen dette året.

Også 10. januar, då oldebarnet Vilde Skogen Strand blei døypt, fekk oldemor vera med. Det var då det var lov å berre ha ti gjester i kyrkja på grunn av pandemien. For ikkje å koma over den grensa måtte farfar, Sverre Martin Strand, bli heime, for å gi plassen til oldemor. Foreldra til Gabriella Karin er Nina og Bernt Christian Strand, og foreldra til Vilde er Paul Gunnar Strand og Cathrine

Skogen. Paul Gunnar og Bernt Christian er brør.

Det har vore mange fine dåpssere-moniar berre for dåpsfamilien under pandemien, gjerne med frå 10–20 gjester. Mange familiar har uttrykt at dei har opplevd det meir personleg slik. Det er likevel kjekt at dåp igjen blir del av ein meir normal kvardag som del av vanlege gudstenester.

På biletet ser me oldemor Borghild Paulsen med dåpsbarnet Gabriella Karin Strand på fanget. Bak til høgre er tante Cathrine Skogen med sine to jenter; Vilde Skogen Strand som vart døypt 10. januar og storesøster Vera Skogen Strand på 4 år.



Foto: Olav Granberg

Konfirmantane frå Vikedal, Sandeid og Imsland på Utsira fyr

Av redaktøren

Å reisa på leir som del av opplegget der ungdommane førebur seg på konfirmasjonen, har lange tradisjonar.

Velkjent for mange var leirane på Eintveit i Åkrafjorden, eller til Solgry i Sveio. Pandemien har i seinare tid gjort det vanskeleg å få til slike leirar. Men i Vikedal, Sandeid og Imsland visste dei råd og laga til tur med buss og båt til øya Utsira.

– Dette var ein erstatningstur for konfirmantane sidan konfirmantleir på Solgry vart avlyst, fortel sokneprest Tsegayesus H. Hunde. – Det vart ein fantastisk tur kor konfirmantane besøkte den eldste kyrkja i heile Haugaland prosti der sokneprest Einar Andreassen fortalte om kyrkja. Og dei fekk også turen opp til det høge fyrtårnet på øya (biletet på framsida).



Konfirmantane frå Vikedal, Sandeid og Imsland på tur til Utsira. Foto: Yngve Støle

HAUGESPOR – Skaparånd, spetakkel ... og strikkepinnar

Av redaktøren, med sitat frå Ryfylke Livsgnist si nettside

3. april var det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart fødd på Rolvsøy. 29. august fekk vindafjordingane oppleva Ryfylke Livsgnist si tolking og framføring av livet til han som var opphavet til Haugianarrørsla, i form av jubileumsspelet Haugespor.

Skjold kyrkje, som kunne ta imot 200 i pandemien, hadde 79 gjester i tillegg til ensemblet.

Me har sett dei før her i kyrkja. Då var det «Luther smil og glede». Men denne gongen fekk me le av myndige bondekoner, sjøvgode potetprestar, håplause lensmenn og trøngsynte pietistar. Fire på scenen i skiftande rollar til gitarmusikk av Aril Schøld. Spelet om Hans Nielsen Hauge og haugianismen er ein himmelsk lapskaus av kvardagsliv, åndsliv, næringsliv, fattigdom, rikdom, konfliktar og omsorg, med eit historisk og humoristisk skråblikk på haugianismen, ei rørsle som har fått prega



Ryfylke Livsgnist på scenen i Skjold kyrkje: Svanhild Eggebø Spanne, Tollie Frestad, Tor Øyvind Skeiseid og Silje Vignes Flesjå.

både bedehus og næringsliv i Noreg. Rørsla har sett djupe spor i landet generelt og Vestlandet spesielt. I jubileumsspelet fekk tilskodarane eit blikk inn i kvifor me blei som me blei her i landet. På scenen var Tor Øyvind Skeiseid, som både Hauge og i fleire andre rollar, saman med Silje Vignes Flesjå, Svanhild Eggebø Spanne og Tollie Frestad.

Jubileumsspelet tok oss med tilbake til perioden 1796 til 1842, og det som då skjedde i bygd og by, både på Vestlandet og elles i landet, med ein hyperaktiv, strikkande Hans Nielsen Hauge i front. Me møtte både dei

som var med og mot, forfølgjarar og etterfølgjarar. Musikalske perler, gripende situasjonar og gapskrattande scenar kom på løpande band. Dei fire skodespelarane og gitaristen spela 30 rollar i løpet av halvannan time. Lek og lærde, styrande kvinner og myndige menn, bønder og handelsfolk, biskopar og lensmenn, alvorstygna predikantar og lystige haugianarar.

Ryfylke Livsgnist starta spelet med premiere på Utstein kloster 9. mai og deretter har det gje slag i slag med over 30 framsynningar. Me sette stor pris på vårt besøk i kyrkja den kvelden i Skjold.



Bak frå venstre: Sokneprest Kari Vik Stuhaug, Odin Tvedt Haarde, Isak Berge, Nickolai Yrke Eikeland, Lars Gjørn Økland, Yngve Klungland Halbrend, Knut Harald Fjæra, Daniel Berge Ljosnes, Aaron Bwalya Herigstad, Oskar Dalaker Miljeteig, Marley Fryze, Elias Dyngeland.
Framme frå venstre: Frida Ingebrigtsen Bjelland, Mia Hundhammer, Helene Handeland, Guro Pettersen, Sigrun Risøy, Tuva Aarekol, Hedda Gangdal, Stina Heggebø Tveita, Liva Heggebø, Ranveig Økland, Celine Nordanger, Charlotte Eikesdal, Emily Alvselie Johansson.



Framme frå venstre: Emma Lovise Alendal, Malin Haugen Langeland, Anna Hjelmeland GregerSEN, Mathilde Nesbu, Tina Åserud, Hedda Ersland Byrkja, Nina Aliana Bauge.
Bak frå venstre: Ragna Sol Ingolfsdottir, Daniel Amundsen, Torstein Sandvik, Stian Nesheim, Daniel Vestre, Knut André Grønlie, sokneprest Kristian Kyllingstad.



Framme frå venstre: May Tiril Staurland, Ingeborg Klaebroe Moland, Christina Staknes Bakkedal, Bertine Skipevåg Tveit, Astrid Skogen, Värin Stråpa Grimås, Ida Sofie Vårvik Staknes.
Bak frå venstre: Sokneprest Tsegayesus H. Hunde, Marius Aksdal Vestbø, Alexander Låte, Matias Reimers Holten Leifsen, Jon Torgils.



Framme frå venstre: Amalie Fredriksen, Camilla Bjørnevik, Eline Veastad, Vilde Hamre Tindeland, Julie Bakkevik, Mathilde Owe, Anne Strømø Sætre.
Bak frå venstre: Sokneprest Kristian Kyllingstad, Alexander Skjold, Kristoffer Olsen, Asgeir Koltveit, Jonas Hetland Fostenes.



Framme frå venstre: Anne Skeie, Jenny Eikemo Årak, Emma Vestbø, Siren Stople Enge, Kaja Skjold Stensland, Hanna Lien Johnsen.
Bak frå venstre: Sokneprest Tsegayesus H. Hunde, Sander Jansen, Leander Helgevold Hundseid, Ivar Miljeteig Svendsen, Markus Kambe, Eivind Apeland Skarpeid.

KONFIRMANTAR 2021



Frå venstre: Sokneprest Kari Vik Stuhaug, Ådne Rambjørg, Hanna Elkehaugen



Framme frå venstre: Sokneprest Kristian Kyllingstad, Tuva Günther Skogen, I selin Vannes, Amelia Strand Jensen.
Midten frå venstre: Jenny Ohm, Emma Djuve Jekteberg, Marte Rødde Nesheim, Marita Vaula, Emilia Aaserød.
Bak frå venstre: Filip Meszynski, Bernt Aksel Skrede, Stian Velde, Marius Gjellestad, Hans Fredrik Velde, Nikolai Haraldseid, Kristoffer Lea-Koltveit.



Framme frå venstre: Konstanse Øvregård, Beate Innvær Staurland, Norma Kristina Imsland, Jenny Marvik Johansen
Bak frå venstre: Sokneprest Tsegayesus H. Hunde og Asbjørn Innvær staurland



Innsamling av klede til Ukraina

Ingeborg og Gudvin Vågen har i mange, mange år vore sentrale i hjelpearbeidet Open Heart driv i Ukraina. Kvart år formidlar dei om lag 1000 sekker klær og utstyr til trenande i Ukraina. Og behovet er stort, særleg aust i landet og på grensa mot Krim. Heime tek dei imot sekker heile året, og kvar oktober blir det halden ein innsamlingsaksjon.

Misjonsmesse – Julemesse

Skjold og Vats NMS-foreiningar har i mange år arrangert misjonsmesse på Isvik bedehus i november. I 2020 blei det ikkje slik på grunn av koronasmitten. Den sosiale delen med samling til basar med matsal, blir det heller ikkje i år, men det blir høve til å bestilla og kjøpa bakverk og lodd. Det skjer via tlf. eller sms (sjå lengre nede).

Pengane frå misjonsmessa i år, går som i fjor til: **Sosial innsats på Antsirabe**, eit prosjekt som NMS er engasjert i saman med Den Gassisk-Lutherske kyrkja.

Ved å støtta dette prosjektet hjelper du dei aller fattigaste i byen Antsirabe. Koronapandemien har gjort situasjonen endå verre det siste året. Prosjektet er tredelt:

- **Eit diakonalt senter** har som mål å hjelpe arbeidsledig ungdom i alderen 15–35 år ut i lønna arbeid. Så langt i 2021 har 72 ungdommar og ugifte mødrer fått hjelpe takka vere senteret.
- **Matutdeling, lese- og skriveopplæring**: 28 barn får nå lese- og skriveopplæring og 17 unge kvinner lærer å sy.
- **Barneheimen Akanisoa**: Her bur det nå 21 barn fast og får omsorg, kjærleik, mat og skule.

Dette arbeidet kan du vera med å støtta.
På førehand: Hjarteleg takk!

Innsamlinga i år blir slik:

Austreimsbygda bedehus: mandag 25. okt. kl. 16–20
Øvre Vats bedehus tysdag 26. okt. kl. 13–20
Vikebygd bedehus torsdag 28. okt. kl. 15–18

Du kan pakka reine klær, sko, dyner, puter, sengeklede, gardiner, leiker, skuleranslar osb. Me ber om 50 kr pr. sekk i transportstøtte.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål

Vikebygd: 90 04 22 02
Skjold: 97 53 64 37
Vats: 91 18 11 57

NB Torsdag 28. oktober kl. 19.00 blir det møte på Øvre Vats bedehus. Halvard Hasseløy held andakt og informerer om arbeidet organisasjonen driv i Ukraina. Kollekt til Open Heart. Enkel servering. Alle er hjarteleg velkomne!



GRAVSTEIN

Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelvetsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

Foto: Florist Black Design



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net



Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no



.tsrevisjon-

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no



Knaphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76



Knaphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



GRANBERG
GARVERIA

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no



Haugesund
Sparebank



SpareBank
SR-BANK

Oppdatert informasjon om møter finn du også på internett

- Kyrkjene på nett: vindafjord.kyrkjer.no
- Kyrkjelinet i Ølen: kyrkjetunet.no
- Kyrkjebladet Hyrdingen: hyrdingen.no

- Kyrkjene på Facebook: facebook.com
- DNK Skjold, Vats og Vikebygd sokn: [/skjoldvatsvikebygd](https://skjoldvatsvikebygd)
- DNK Vikdal, Sandeid og Imsland sokn: [/viksandims](https://viksandims)
- DNK Ølen og Bjoa sokn: [/kyrkjaolenogbjoa](https://kyrkjaolenogbjoa)



75-års jubileum 6. november

Kl. 12: Bursdagsfest for hele familien

- Konsern med Sevenjentene og Soulchildren fra Vindafjord og Etne
- Servering av pølser
- Salg av is, slush og kaffe
- Åresalg, og trekning av hovedlotteri

Påmelding: tlf. 97 58 99 56 eller stemnestaden@normisjon.no Inngang jubileumsfest: 200,-

Kl. 18: Jubileumsfest med festmiddag og kakebord

- Tale av Thomas Thesen
- Hilsen fra ordfører Sigmund Lier i Tysvær kommune
- Sang av Solvor K. Sundfør, Janne Kristine Eng og Bjarne Andreas Kallevåg
- Bildekavalkade, quiz, intervju

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

MØTE OG ARRANGEMENT

Dato	Tid	Stad/kirke	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
24.10.2021	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Misjonsgudsteneste + 4årsbok?, Takkoffer: NMS	Joh.12,35-36
24.10.2021	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste m/utdeling av 4.årsbok og 5.klassebibel, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Joh.12,35-36
31.10.2021	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Huastakkefestgt., Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh.1,16-17
31.10.2021	11:00	Bjoa kyrkje	Jubileumsgudsteneste, Bjoa kyrkje 125 år. Prost Rune Steensnæs Engedal, Takkoffer: Nytt dåpssett i sølv til Bjoa kyrkje.	Joh.1,16-17
31.10.2021	11:00	Skjold kyrkje	Fellesgudsteneste for Skjold, Vats og Vikebygd, Takkoffer	Joh.1,16-17
31.10.2021	16:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Bibel til 4-åringar. Samarbeid med søndagsskulen, Takkoffer: Søndagsskulen (Haugaland/Sunnh.krets)	Joh.1,16-17
07.11.2021	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Helgemesse, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Matt.5,13-16
07.11.2021	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Helgemesse (felles), Takkoffer: Lokal Trusopplæring	Matt.5,13-16
07.11.2021	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Helgemesse, Takkoffer: Kirkens SOS Rogaland	Matt.5,13-16
14.11.2021	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste m. utdeling av 4.årsbok, Takkoffer: Speidararbeidet i Skjold	Matt.14,22-34
14.11.2021	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Haustakkefestgt. + Sundag for dei forfølgde, Takkoffer: Kirkens SOS Rogaland	Matt.14,22-34
21.11.2021	11:00	Skjold kyrkje	Fellesgudsteneste for Skjold, Vats og Vikebygd, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Matt.25,1-13
21.11.2021	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Temagudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt.25,1-13
28.11.2021	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Utdeling av 4.årsbok, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt.21,10-17
28.11.2021	11:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Lys Vaken - 6. klassingar, Takkoffer: Brandøy	Matt.21,10-17
28.11.2021	17:00	Vats kyrkje	Lysmesse m. konfirmantar, Takkoffer: Kirkens SOS i Norge	Matt.21,10-17
28.11.2021	17:00	Bjoa kyrkje	Familiegudsteneste, Bibel til 4/5-åringar og 5.-klassingar, Takkoffer: Brandøy	Matt.21,10-17
05.12.2021	19:00	Vikedal kyrkje	Lysmesse m.konfirmantar (felles). Takkoffer: Konfirmantarbeidet.	Joh.16,21-24

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døpte	Døde	Vigde
Sandeid	04.09.21 Aaron Bwalya Herigstad 26.09.21 Inger Berg 26.09.21 Frida Hovland Skeie	14.09.21 Jørdis Leite f. 1940	
Ølen	29.08.21 Theodor Soltveit-Skålnes 29.08.21 Gabriella Karin Strand 18.09.21 Synne Apeland Stangeland 26.09.21 Herman Nilsen	14.08.21 Aashild Petra Ekrheim f. 1938 15.09.21 Marta Berge f. 1941 16.09.21 Thomas Rødne f. 1921	
Skjold		08.08.21 Omar Vestre f. 1957 08.09.21 Leif Georg Langelandsvik f. 1943	21.08.21 Line Johnsen og Lars Sigve Nybru Sveen
Vats			18.09.21 Beathe Iren Stokland og Lars Ove Osmundsen
Vikedal	22.08.21 Gustav Blikra 22.08.21 Viljar Eikeland	05.09.21 Nilsine Marie Ørnes f. 1922	
Vikebygd	26.09.21 Even André Gaard-Eliassen 26.09.21 Savannah Bjørnevikt		21.08.21 Tina Børgesen Høyland og Asbjørn Larsen 28.08.21 Ann Mari Tjoflåt og Sevald Vestre
Imsland	08.08.21 Eline Skipevåg	02.09.21 Mary Irene Marvik f. 1940	

MØTE OG ARRANGEMENT

Haust-BASAR på Kårhus bedehus

torsdag 4. nov. kl. 18:00

Til inntekt for ARKEN

Andakt: Turid Dahl

Vindafjord Soul Children blir med.

Mat – loddboeker – åresal – lykkehjul

Store og små velkomne!

Sprell Levande – Vats

Me startar opp at med «søndagsskule-aktivitet».

Ny dag, nytt namn!

Tirsdag 16. nov., kl. 17:30–19:00

Juleverkstad: Laurdag 4. des. kl. 12:00–14:00

Program: aktivitetar, song, bibelforteljing og kveldsmat. Ta med borna og kom!

Familie-møte på Kårhus bedehus

kl. 11.00 søndag 24. oktober
og 14. november

Alle er hjarteleg velkomne!



Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 2. desember.
Frist for levering av stoff: 2. november

Kyrkjjetunet i Ølen

Følg elles med på nettsida kyrkjjetunet.no og Facebook-sida til Kyrkjjetunet!

21.10	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
21.10	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5–10 år)
23.10	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.–10. klasse)
26.10	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
28.10	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
29.10	fredag	18:00	Bønnemøte – Fellesskap på tvers
29.10	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
31.10	søndag	11:00	Familiesamling
02.11	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
03.11	onsdag	19:00	Kursoppstart: Velkommen hjem
04.11	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
04.11	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5–10 år)
04.11	torsdag	19:00	Fellesforum. Kåsør: Willy Ludvigsen
09.11	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
11.11	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
14.11	søndag	19:30	Søndagsmøte. Tale: Roar Flacké
16.11	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
17.11	onsdag	19:00	Velkommen hjem, kurskeld 2
18.11	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
18.11	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5–10 år)
19.11	fredag	18:00	Bønnemøte – Fellesskap på tvers
19.11	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
20.11	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.–10. klasse)
21.11	søndag	19:30	Søndagsmøte. Tale: Erik Stensland (IMS)
23.11	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
25.11	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
26.11	fredag	19:30	Møte m/Gunnar Johnstad
27.11	laurdag	11:00	Bibelundervisning v/Gunnar Johnstad
27.11	laurdag	12:45	Bibelundervisning v/Gunnar Johnstad
27.11	laurdag	17:00	Lys Vaken for 6. klasse
30.11	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnenvandring
01.12	onsdag	19:00	Velkommen hjem, kurskeld 3
02.12	torsdag	17:30	Internasjonal treffpunkt
02.12	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5–10 år)

Bedehusa i Skjold

21.10	torsdag	10:30–12:00	Ersland: Bønnemøte
23.10	laurdag	12:00	Ersland: Bedehusbasar
25.10	måndag	16:00–20:00	Austrheim: Innsamling Ukraina
26.10	tysdag	16:00–18:00	Isvik: Normisjon
28.10	torsdag	10:30–12:00	Kyrkja: 60 +
30.10	laurdag	10:30–12:00	Ersland: Avanaklubb
02.11	tysdag	11:00	Ersland: Israelsmisjonen – Basar
04.11	torsdag	11:00	Ersland: Bønnemøte
09.11	tysdag	10:30–12:00	Austrheim: NLM Misjonssambandet
13.11	torsdag	10:30–12:00	Kyrkja: Avanaklubb
16.11	tysdag	11:00	Isvik: Samemisjonen
18.11	torsdag	11:00	Ersland: Bønnemøte
20.11	laurdag	11:00	Isvik: Misjonsmessa (?)
23.11	tysdag	16:00–18:00	Ersland: Indre Sjømannsmisjon
25.11	torsdag	16:00–18:00	Kyrkja: 60 +
26.11	fredag	18:30	Austrheim: Basar / grautfest
27.11	laurdag	10:30–12:00	Kyrkja: Avanaklubb
30.11	tysdag	11:00	Austrheim: Lys over Land
02.12	torsdag	16:00	Ersland: Bønnemøte

Innbjoa bedehus

25.10	måndag	18:30	Bønnemøte
27.10	onsdag	11:00	Bønnemøte
01.11	måndag	18:30	Bønne- og nattverdsmøte
02.11	tysdag	17:30–19:00	Mini-Credo
03.11	onsdag	11:00	Bønnemøte
03.11	onsdag	19:00	Møte ved Gideon
08.11	måndag	18:30	Bønnemøte
10.11	onsdag	11:00	Bønnemøte
1			



BARNAS SIDE


Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lazarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil

De to biletene er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet
BARNAS til eit
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.

